



VOLDA KOMMUNE
Opplæring og oppvekst

Vi søker med dette permisjon for

Elev: Etternavn	Fornavn	Fødselsdato
Klasse	Søker permisjon for tidsromet	
	Frå og med:	til og med:

Grunngjeving for permisjon:

Opplæringstiltak i samband med permisjon:

Eg/vi er kjend med at vi sjølve har ansvar for opplæringa for _____
i permisjonstida og at innvilga permisjon avkortar retten til offentleg
grunnskuleopplæring for tilsvarande tidsrom.

Dato _____ Føresette si underskrift: _____



VOLDA KOMMUNE
Opplæring og oppvekst

Permisjon vert innvilga	<input type="checkbox"/>	Permisjon vert ikkje innvilga	<input type="checkbox"/>
Grunngjeving for evt. avslag eller merknad til innvilga søknad			

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak, med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6. Fylkesmannen er klageinstans, men ein klage skal sendast om rektor som har fatta vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at meldinga om vedtak er motteke.

Dato: _____ Underskrift for skulen: _____
Rektor

Vedlegg: Retningslinjer ved elevpermisjonar

November 2013



RETNINGSLINER FOR ELEVPERMISJON OG FRÅVÆR FRÅ PLIKTIG OPPLÆRING

Høve til å søke permisjon

I opplæringslova § 2-11 heiter det:

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Denne paragrafen må sjåast i samanheng med § 2-1 om rett og plikt til grunnskuleopplæring:

Barn og unge har plikt til grunnskuleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskuleopplæring i samsvar me denne lova og tilhøyrande forskrifter. Plikten kan ivaretaast gjennom offentleg grunnskuleopplæring eller gjennom anna, tilsvarande opplæring.

Permisjon er ikkje ein rett for den einskilde. Ved innvilga permisjon har eleven (eller dei føresette på eleven sine vegner) sagt frå seg retten til offentleg grunnskuleopplæring for ein periode tilsvarande lengda av fråværet ¹⁾).

Permisjonslengd

Ein kan ikkje fråvike opplæringslova si grense for maksimal permisjonstid. Det tyder at ingen kan få permisjon utover 2 veker (10 skuledagar).

For utanlandsopphald som varer meir enn to veker, skal eleven skrivast ut av skulen. Når og dersom eleven kjem attende, skal han/ho skrivast inn att ved skulen på vanleg måte. Dersom vektige grunnar ikkje er i vegen, vil eleven kunne kome attende til den opphavelige klassen. Eleven kan likevel ikkje pårekne at skulen vil tilby ekstra undervisning for å ta att for undervisning som er "tapt" i fråværsperioden.

Skulen har ikkje ansvar for å lage eigne opplegg for elevar som har permisjon frå undervisninga.

Ved søknad om permisjon for eit lengre tidsrom enn to veker, kan rektor innvilge permisjon i inntil to veker av perioden. Dersom mogeleg, bør dei føresette få velje kva veker dei ynskjer å ta ut permisjonen.

Opplæringslova set ikkje grenser for kor mange gongar permisjon kan innvilgast. Dette må ein sjå i samanheng med kravet til forsvarlegheit (jf. nedanfor).

Forsvarlegheit

Før det vert innvilga permisjon, skal rektor vurdere om det er forsvarleg i høve til eleven si opplæring å la han/henne vere vekke frå skulen i det aktuelle tidsromet. Til grunn for vurderinga vil det vere naturleg å vurdere

- om, og i tilfelle kva, opplæring som vert gitt i permisjonstida
- om eleven har hatt permisjon før
- eleven sitt faglege nivå, dokumentert gjennom kartleggingsprøver og andre testar
- kva andre sosiale, intellektuelle og kulturelle opplevingar eleven vil få i permisjonstida og kva utbyte han/ho vil få av dette

¹⁾ Dette avsnittet gjeld ikkje elevar som "hører til eit trussamfunn utanfor Den norske Kyrkja". Desse elevane har rett til permisjon dei dagane trussamfunnet deira har heilagdag. Lova krev samstundes at dei føresette syt for naudsynt opplæring i permisjonstida (jf opplæringslova § 2-11, 2. ledd).



Det er ikkje eit krav at elevar skal få opplæring i permisjonstida, men det vil vere lettare å forsvare ein permisjon dersom eleven har eit godt opplæringstilbod og skulen har tru på at det vil verte gjennomført.

I vurderinga av forsvarlegheit vil det som oftast ligge eit skjøn til grunn. Utdanningsdirektoratet har gitt til kjenne at ein ynskjer at skulane legg opp til ein streng praksis på dette området.

Utanlandsopphald

Opplæringslova gjeld ikkje utanfor "riket sine grenser". Retten og plikta til grunnskuleopplæring vil difor ikkje gjelde for elevar som held til i utlandet. Permisjonssøknader for utanlandsopphald skal likevel handsamast som andre søknader.

Ugyldig fråvær

Dersom føresette vel å reise, anten utan å ha søkt om permisjon, eller utan å ha fått innvilga (heile) søknaden, vil eleven få ugyldig fråvær for den delen av søknaden som ikkje er innvilga.

Vedtaksmynde

Det er rektor ved den einskilde skule som handsamar og avgjer søknader om permisjon.

Søknad/søknadsfrist

Søknader om permisjon skal i regelen sendast til skulen ein månad før permisjonen skal starte, eller så tidleg som mogeleg. Volda kommune krev at slik søknad skal kome frå dei føresette.

For søknad om permisjon inntil tre dagar, har kontaktlærer mynde til å ta avgjerd. Ved desse høva nyttar ein meldebok. For søknad om permisjon utover tre dagar tek rektor avgjerd, og ein skal då nytte eige søknadsskjema som ein får på skulen eller på skulen si heimeside.

Merk også at den av foreldra som har foreldreansvar, men som eleven ikkje bur fast hjå, har rett til medbestemming når det gjeld eleven si utdanning, jf. barnelova § 30. Ein må difor gå ut i frå at denne står inne for søknader om permisjon.

Føring av fråvær

Frå og med 8. årssteg skal alt fråvær førast på vitnemålet. For inntil 10 skuledagar i eit skuleår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skuldast helsegrunnar, [jf forskrift til opplæringslova § 3-41](#).
- b) innvilga permisjon etter [opplæringslova §2-11](#).

Retten til å klage

Når rektor tek stilling til ein søknad om permisjon, er dette eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Det tyder at søkar mellom anna kan klage på vedtaket. Dersom søkar ikkje er nøgd med vedtaket kan han/ho klage til rektor innan tre veker. Søkar må forklare kva han/ho er misnøgd med og kvifor vedtaket bør gjerast om. Dersom søkar treng rettleiing kan han/ho vende seg til rektor eller skuleavdelinga. Står rektor fast på vedtaket, vert saka sendt vidare til Fylkesmannen, som avgjer om klagen vert teke til følgje.

November 2013

Opplæring og oppvekst